



MØTEBOK

Forskrift om vedtekter for skulefritidsordning (SFO) 2025-2026

Utval sak	Utval	Møtedato
7/25	Utval for oppvekst og omsorg	02.04.2025

Vedlegg:

- 1 Forskrift om vedtekter og betalingsatsar SFO 2025_2026

Innstilling frå kommunedirektøren:

Utval for oppvekst og omsorg sender Forskrift om vedtekter til skulefritidsordninga (SFO) i Fitjar kommune ut på høyring i perioden 03.04.-01.05.2025.

Saksprotokoll i Utval for oppvekst og omsorg - 02.04.2025

Behandling:

Innstilling frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Utval for oppvekst og omsorg sender Forskrift om vedtekter til skulefritidsordninga (SFO) i Fitjar kommune ut på høyring i perioden 03.04.-01.05.2025.

Bakgrunn:

Regjeringa har gitt 1.-3.trinn 12 timar gratis kjernetid i SFO.

I framlegg til nye vedtekter vert det foreslått ei endring på tilbodet til elevane i SFO. Tidlegare har me hatt tilbod over tal timar per veke. Med 12t gratis kjernetid har det vore utfordrande å telje timar og det har vore ulike praksis på skulane korleis ein har nytta timane. På Selevik og Øvrebygda skule har det vore flytande bruk av gratis tid, mens på Rimbareid kor elevtalet på SFO er høgare har ein behov for å «låse» gratis tid for å ha bemanning ihht til bruk.

Fitjar kommune har det siste skuleåret har prøveprosjekt med ferieope SFO. Difor er dette med i vurderinga i forskrift om vedtekter. Ferieope SFO skal vere eiga sak i utvalet og kommunestyret i april.

Forankring i planar/mål:

Frå kommuneplanen sin samfunnsdel s. 8.

«Fitjar kommune skal vera ein god stad å vekse opp for barn og unge, med sunne og trygge oppvekstmiljø. Me vil tilretteleggja for trivsel og deltaking i eit mangfald av aktivitetar.»

Saksutgreiing:

I framlegg til nye vedtekter vert tilbodet meir synleg korleis kjernetida er og kor den er satt. Det vert lagt fram 8 alternativ til SFO tilbod, kor 3 av dei berre gjeld for 4.trinn som ikkje har gratis kjernetid.

SFO tilbod vert no som følgjar:

Alternativ SFO for 1.-3.trinn:

- Alternativ 1: Kjernetid. Kjernetid er definert som ca 2,5 timar etter skuleslutt kvar dag.
- Alternativ 2: Kjernetid + morgontid
- Alternativ 3: Morgontid
- Alternativ 4: Kjernetid + ettermiddagstid
- Alternativ 5: 100% plass; kjernetid + morgontid + ettermiddagstid

Alternativ SFO for 4.trinn:

- Alternativ 6: Morgontid
- Alternativ 7: Ettermiddagstid
- Alternativ 8: Full plass (morgon- og ettermiddagstid)

Med eit slikt formulert tilbod vil det vere tydeleg kva ein har SFO tilbod på, om det er morgon, kjernetid og/eller ekstra ettermiddagstid. Det vil også vere lik praksis på alle skulane. Med forslag til ny forskrift om vedtekter ynskjer kommunen felles opningstid for alle skulane. Dette for å sikre likt tilbod til alle elevane i kommunen.

Det har vore ei utfordring med elevar som har SFO tilbod og bur i ulike heimar, kor behovet for SFO vil variera. Dette har me ikkje laga ei ordning for slik tilbodet vert lagt fram. Det er ulik praksis i nabokommunane for dette, men ein ser at fleire av dei går for eit tilbod og så må føresette velje det som vert aktuelt uansett kor eleven er. Det er fleire kommunar som no går vekk frå å differensiere tilbodet for barn med ulike heimar.

Pris for tilboda går fram av forskrifta.

Angående ferie-ope SFO vil tilbodet vere haustferie (veke 41), vinterferie (veke 9) og siste veka etter skuleslutt. Tilbodet har fått veldig positive tilbakemeldingar for 1.-3.trinn. For 4.trinn ser ein at tilbodet mogleg er for dyrt. Tilbodet til 1.-3.trinn er justert for 12t gratis kjernetid. Viser elles til sak om ferie-SFO som skal opp i same utvals- og kommunestyre.

Miljø og berekraft:

Tiltaket støttar fleire av FN sine berekraftsmål. Det fremjar mål 4 om god utdanning ved å sikre inkluderande og tydeleg SFO-tilbod, og mål 10 om mindre ulikskap gjennom lik praksis på skulane. Det legg til rette for mål 5 om likestilling, ved å bidra til betre balanse mellom arbeid og omsorg i heimen. Vidare styrkjer det mål 11 om berekraftige lokalsamfunn og mål 8 om anstendig arbeid, ved å gjera kvardagen meir føreseieleg for familiar.

Vurdering:

Fitjar kommune ynskjer eit SFO tilbod som er tydeleg på kva føresette betalar for, og kor den gratis kjernetida ligg. Det er også tilbakemeldingar på at ulik praksis på skulane er uheldig, og at det er behov for felles retningslinjer for SFO tilbod og bruk av gratis kjernetid.

Det vil vere ei omstilling for føresette på dei mindre skulane, då dei ikkje vil ha like fleksibel ordning. Kommunen ser likevel at dei fleste elevane i kommunen har eit behov rett etter skuletid, og det er der me ynskjer at gratis kjernetid skal liggje.

Ved ei fleksibel ordning som er per i dag, vil tilbodet opplevast som ulikt og det er tilfeldig kor gratis kjernetid vert lagt. Difor får ein ei ordning som ikkje er lik på alle skulane. Det er viktig at kommunen så langt det er mogleg har eit felles tilbod med like rammer for elevane våre.

Økonomi:

Prisane for SFO tilbodet er justert etter kommunal deflator for 2024.

Oppsummering og konklusjon:

Forskrift om vedtekter skal ut på høyring og me vonar at oppryddinga vil vere positivt motteke blant innbyggjarane. Føreseielege rammer er viktig å ha på det kommunale tilbodet, og det har kommunen no lagt til rette for.

Steinar Dalland
kommunedirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.